

Kva:	Protokoll frå møte nr. 04 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	Torsdag 26. oktober 2023, kl. 19:30-20:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 29 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 30 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 03 23-25</p> <p>Skikrinsstyret</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 31 23-25 Leigebil frå Bilhuset Førde</p> <p>SAK 32 23-25 Oppfølging haustmøte 2023</p> <p>EVENTUELT</p> <p>SAK 33 23-25 Møteplan Skikrinsstyret</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje N. Tangerud, Anders Engeland, Hilde Katrine Engeli, Roger Ellingsund, Jon Ove Lomheim, Laila Bosdal-Thorsen (repr. LK), og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Tor Arne Hov
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 29 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 30 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 03 23-25 Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 03 23-25 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 23-25



DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 31 23-25

Leigebil frå Bilhuset Førde

Bakgrunn

Til jobben som skiklubbutviklar er det knytt stor reisebelastning og eit ønskje å om frakte mykje skileikutstyr til klubbar og skianlegg i krinsen. For å lette belastninga med bruk av privatbil er det ønskje frå skiklubbutviklar om at Skikrinsen kan ha ein kassebil til disposisjon, spesielt i vinterhalvåret.

Frå januar til mai 2023 leigde Skikrinsen ein Mercedes Vito frå Bilhuset Førde. Bilhuset Førde kan levere ein tilsvarande bil til Skikrinsen haust 2023 og vinter 2024, med kostnad kr. 8000,- per måned. Driftskostnadar kjem i tillegg.

Skiforbundet v/rekrutteringsavdelinga kan støtte med kr. 3500,- per måned i 2023. Vidare i 2024 kan ein ikkje avklare støtte, før budsjettet for NSF er avklara.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å opprette arbeidsgruppe som jobbar vidare med leigebil og eventuelle samarbeidspartnarar til bilen. Arbeidsgruppa består av Jorunn, Tonje, Hilde Katrine og Kennet. Det er ønskje om å få snarlege avklaringar i samband med leige av bil.

SAK 32 23-25

Oppfølging Haustmøte 2023

Bakgrunn

Følgjande innspel bør skikrinsstyret følgje opp etter haustmøte til Skikrinsen laurdag 21. oktober 2023:

- a) Klubbbesøk for skiklubbutviklar
- b) Gåve frå Sparebanken Sogn og Fjordane
- c) Innspel frå fellesdelen – workshop

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) Greinkomiteane følgjer opp klubbbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarksamlingar på tvers.
- b) Skikrinsstyret ønskjer innspel frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.
- c) Adm. og SKU lagar ei oppsummering av innspel og knyttar innspela til handlingsplanen. Dette blir presentert i neste møte i skikrinsstyret.



EVENTUELT
SAK 33 23-25

Møteplan Skikrinsstyret
Bakgrunn

VEDTAK

Adm. og leiar følgjer opp møteplan for 2023 og sender framlegg med datoar per e-post. Vidare kom det innspel med ønske om å ha hyppigare digitale møter.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef